



Strikkeunderlag

Eller sitteunderlag for strikkarar - om du vil.

Sitteunderlaget er strikka rundt og tova. Dersom du let den vere open i den eine kanten og strikkar handtak vert det ei fin turveske. Del det ferdige strikkeunderlaget ditt med #strikkunderlag og #nordfjordstrikkefestival

GARNALTERNATIV

Sju ulike fargar Rauma Vams Pt3. Vi har brukt fargen: 108 (lys bondeblå), 69 (lys turkis), 103 (mørk kamelbrun), 25 (gul), 80 (eplegrønn), 403 (grønn melert) og 68 (lakserosa). Eitt nøste av kvar farge, og to av den du evt vil ha på hanken.

Du kan også bruke anna garn som får rett strikkefastheit, eller noko restegarn du har liggande.

RETTLEIANDE PINNAR

Rundpinne nr. 6

Sitteunderlaget er dobbelt med opning i den eine sida og kan brukast som veske Les gjennom heile oppskrifta før du tek til å strikke.



Nordfjord strikkefestival finn stad på Nordfjordeid 4. og 5. april 2025.

Les meir om programmet på www.nordfjordstrikkefestival.no og bruk QR-koden til å kjøpe festivalpass.



OPPSKRIFT

Legg opp 160 m på rundpinne 6 og strikk diagrammet.

Dersom du skal ha berre sitteunderlag feller du av med fargen i siste omg.

Fest trådar og sy eller strikk saman kanten oppe og nede.

Tov i vaskemaskin på 40 grader.

Dersom du vil strikke handtak og bruke sitteunderlaget som veske strikkar du denne avslutninga før du tovar. Bruk den fargen du vil ha øvst.

- | | |
|--------|--|
| 1. omg | strikk r |
| 2. omg | strikk vr |
| 3. omg | strikk 30 m, fell dei neste 20 m, strikk 60 m, fell dei neste 20 m, strikk 30 m. |
| 4. omg | strikk 30 m, legg opp 20 m, strikk 60 m, legg opp 20 m, strikk 30 m. |
| 5. omg | strikk r |
| 6. omg | strikk vr |

Strikk 5. og 6. omg tre gongar til. Fell av.

Mønsteret er gratis, men om du vil støtte festivalen kan du vippse nokre kroner til

#594089

